



Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/5809-5

Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - lenging av låneavtale

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen lengar låneavtalen for det rente og avdragsfrie lånet på 1,0 mill. kr til Opplæringsfartøy AS med to år, med gjeldande vilkår.
2. Ved sal av fartøyet før 2018, vil lånet krevjast tilbakebetalt.

Vedlegg:

1. Låneavtale mellom fylkeskommunen og Opplæringsfartøy AS, signert 15.06.2010
2. Brev frå Opplæringsfartøy AS v/styreleiar, datert 13.07.2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. FT-sak 37/10 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS
2. FT-sak 45/12 Praksisopplæring for elevar i maritim og marin opplæring i Sogn og Fjordane
- alternative løysingar

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget handsama i juni 2010 sak 37/10 Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS. I saka vart det lagt til grunn at lånet var godt innanfor grensa for bagatellmessig støtte, i reglane om offentleg støtte i EØS. I saka vart det vidare lagt til grunn at det var ein føresetnad for det ansvarlege lånet at selskapet ikkje fekk høve til å forsere nedbetalingstakten på lån til Nordea, men i staden måtte bygge opp ein likviditetsreserve.

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak i saka:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune yter eit rente- og avdragsfritt ansvarleg lån på kr 1 mill. til Opplæringsfartøy AS for ein periode på inntil 6 år. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fastsetje nærmare vilkår for lånet og underskrive låneavtalen.
2. Lånet vert finansiert over kapitalfondet.
3. Leigeavtalen mellom Opplæringsfartøy AS og Sogn og Fjordane fylkeskommune vert forlenga med eitt år med gjeldande vilkår. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne avtalen.

I låneavtalen heiter det m.a.:

2. Forfall, renter og avdrag
Lånet skal vera rente- og avdragsfritt i perioden fram til 31. august 2016. Dersom låntakar og långjevar innan denne dato ikkje er einige om ei lenging av låneavtalen til reforhandla vilkår, forfell heile lånet til betaling den 31. august 2016.

I brev av 13.07.16 frå Opplæringsfartøy AS v/styreleiar til fylkeskommunen heiter det m.a.:

Styret meiner at dei krava som var sette til selskapet, i låneavtala og i saka, er innfridde. Selskapet har dei to siste åra hatt overskot på drifta, og ein har no fått nedbetalt all leverandørgjeld. Ein har framleis svak likviditet, men ein brukar ikkje lenger kassakreditt, og ein har mål om at ved årsslutt 31.12.2016 skal ha opparbeida såpass likviditet at ein kan planlegge mellomklassing av fartøyet sommaren 2017.

Aksjekapitalen på kr. 784 000,- som nærmest var å rekne som tapt, er no opparbeidd igjen, og selskapet har pr. 31.12.2015 ein eigenkapital på kr. 800 928,-

Lån i Nordea er nedbetalt ihht. opprinnelige nedbetningsplan, og det gjenstår pr. 31.06.2015 totalt kr. 246 000,- i lån.

Lån 1 Nordea: Kr. 193 000,-

Lån 2 Nordea: Kr. 53 000,-

Lånet vil bli nedbetalt i løpet av inneverande år, og det vil lette økonomien til selskapet betydeleg.

Selskapet har jobba hardt for å forbetre den økonomiske situasjonen, samstundes som at ein har jobba med å ta igjen forsømt vedlikehald. Ein ha i denne prosessen også gått frå to til ein tilsett, då skipper gjekk av med pensjon, og ingen ny blei tilsett. Dette er ein situasjon som må vurderast om er heldig på sikt.

Generalforsamlinga diskuterte korleis låneavtala, og reforhandling av vilkåra skulle handterast av styret. Sidan selskapet har oppfylt alle kriterier i låneavtala, blei vedtatt å gå i dialog med FK om lenging av låneavtala.

Generalforsamlinga vedtok forslag til lenging av låneavtale med tre alternative forslag til løysing.

1. 2 år utsetting på innløysing av lån, for å få avklart prosessen rundt erverv av nytt fartøy.
2. Starte nedbetningsplan over 4 år, frå 2017, med årlege avdrag på kr. 250 000,-.
3. FK ettergjev lånet.

På vegne av selskapet ber eg difor om at FK inviterer til reforhandling av låneavtala, og at denne prosessen kan gjennomførast innan fristen gjeven i låneavtala.

Som følgje av at saka vert lagt fram for fylkestinget til handsaming i oktober, har fylkesrådmannen meldt til Opplæringsfartøy AS at fylkeskommunen ikkje vil krevje lånnet innfridd ved fristen 31. august, men avvente handsaminga i fylkestinget.

Som ein del av grunnlaget for saksutgreiinga har fylkesrådmannen hatt møte om saka med Opplæringsfartøy AS v/styrelseiar.

2. Vurdering og konsekvensar

Som det går fram av brevet frå Opplæringsfartøy AS v/styrelseiar har økonomien i selskapet hatt ei positiv utvikling dei siste åra. Dette har m.a. samanheng med at selskapet har arbeidd offensivt med kostnadsreduserande tiltak. Samstundes har selskapet arbeidd aktivt med å ta att forsømt vedlikehald. Trass i dette har selskapet framleis svært dårlig likviditet.

Etter fylkesrådmannen si vurdering, og slik det går fram av FT-sak 45/12 Praksisopplæring for elevar i maritim og marin opplæring i Sogn og Fjordane - alternative løysingar, er opplæringsfartøyet avgjerande for kvaliteten på praksisopplæringa for elevar i maritim opplæring i Sogn og Fjordane.

For å sikre drifta av opplæringsfartøyet ser fylkesrådmannen det som viktig å leggje til rette for ein stabil økonomisk situasjon for selskapet.

Generalforsamlinga i Opplæringsfartøy AS vedtok på sitt møte i juni at styret skulle invitere til reforhandling av låneavtalen med fylkeskommunen med tre alternative forslag til løysing, slik det går fram over.

Opplæringsfartøy AS har svært stram økonomi og står i tillegg framfor store økonomiske utfordringar med mellomklassing av skipet i 2017 og hovudklassing i 2019. Opplæringsfartøyet Skulebas er over 40 år gammalt og i samband med hovudklassinga må det pårekna tunge økonomiske investeringar for godkjenning. Om skipet vert godkjent vil selskapet likevel sitje med eit gammalt skip som ikkje tilstrekkeleg speglar notidas krav og moglegheiter. Det er heller ikkje eigna til bruk for oppdrettsnæringa. Hovudutvalet for næring og kultur vedtok difor i sak 69/16 å gje selskapet kr 200 000 i økonomisk støtte til forprosjekt for å prosjektere og lage eit kostnadsoverslag for nytt opplæringsfartøy og få ein kvalitetssikra pris frå verft på kostnadane.

På bakgrunn av den vanskelege økonomiske situasjonen for selskapet ser ikkje fylkesrådmannen det som forsvareleg å krevje tilbakebetaling av lånet no. Ei forlenging av låneavtalen i to år vil bidra til at selskapet kan halde fram den positive økonomiske utviklinga. Samstundes vil framtida for selskapet då vere meir avklara enn i dag.

Fylkesrådmannen si vurdering er vidare, at selskapet må skape ein stabil økonomi ut frå dei økonomiske rammene som ligg føre. Det vil såleis ikkje, etter fylkesrådmannen si vurdering, vere ei framtidsretta løysing å ettergje lånet.

3. Reglane om offentleg støtte i EØS

Ei lenging av rentefritt lån eller ettergjeving av lånet vil i begge tilfelle rammast av reglane om offentleg støtte i EØS, men dersom beløpet er bagatellmessig vil ein likevel kunne gje slik støtte. Føresetnaden for at ein kjem inn under regelverket for bagatellmessig støtte, er at støtta ikkje overskrid 200 000 euro over ein periode på tre rekneskapsår. Med ein kronekurs på om lag 9 kr mot euro, svarar dette til ei støtte på om lag 1,8 mill. kr.

Støtta må vere transparent, dvs. at ein må kunne rekne ut det nøyaktige støtteelementet på førehand. Støtte i form av lån skal bereknast på grunnlag av gjeldande marknadsrente på det tidspunktet støtta vart gjeven. Marknadsrenta i denne samanhengen svarer til referanserenta som ESA årleg publiserer på heimesidene sine. Avhengig av kva ytterlegare eksponering fylkeskommunen får, må renta aukast skjønnmessig. I dette tilfelle gjeld støtta rentefritak for eit lån som er gitt til eit selskap i ein vanskeleg situasjon (det kan framleis vere konkursrisiko i selskapet). Den høge risikoen tilseier at renta må settast høgt; til dømes ein stad mellom 5 og 10%. 10 % rente utgjer kr 100 000 per år. Vi er likevel godt innanfor grensa for bagatellmessig støtte. Det same gjeld dersom vi vel å ettergje heile lånet på 1,0 mill. kr.

Det er knytt nokre ytterlegare vilkår for å kunne gje bagatellmessig støtte. Fylkeskommunen må m.a. skriftleg informere støttemottakar om at det er bagatellmessig støtte ein yter, og kor stor summen er. Vidare må det refererast til regelverket, og fylkeskommunen må krevje skriftleg stadfesting frå støttemottakar om eventuell anna bagatellmessig støtte føretaket har fått.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen lengar låneavtalen for det rente- og avdragsfrie lånet på 1,0 mill. kr til Opplæringsfartøy AS med to år, med gjeldande vilkår. Ved sal av fartøyet før denne tid, vil lånet krevjast tilbakebetaadt.

Låneavtalen kan forlengast utan at det stirr mot reglane for offentleg støtte.